

Frå hird til vaktmannskap og statspoliti

Nasjonal Samling hadde ein hirdorganisasjon heilt frå partiet vart stifta i 1933. Hirden dreiv mellom anna vakthald på partimøta og propaganda.

Ein del av partimedlemene fekk tenestplikt i hirden frå 1941. Fyrst var det fire årsklasser, seinare utvida til å gjelde for alle arbeidsføre mannlege NS-folk i alderen 18 til 30 år. Frå februar 1943 vart aldersgrensa sett opp til 55 år.

Hirdplikta førte til at fleire tital NS-ungdommar frå Gudbrandsdalen vart kalla inn til våpenkurs på Gjøvik og Hamar, med 14 dagars væpna vakttenest etterpå.

Ein 20 år gamal gut frå Dovre slapp med ni månaders betinga fengsel, meir vaksne folk fekk mellom eitt og to års tvangsarbeid.

Frå hirdtenesta var ikkje steget langt over til tilsetjing i statspolitiet eller som vaktmann i fangeleirar.

Det er sikre opplysningar om at minst sju NS-folk frå Gudbrandsdalen gjorde tenest i fangeleirar, «serberleirar» i Nord-Norge. Tre år og tre månaders tvangsarbeid vart straffa, om dei ikkje hadde vore aggressive i tenesta. Tre av desse sju fangevaktene vart dømde for drap på fangar. To frå Lillehammer fekk dei strengaste straffene. Den eine fekk 20 års tvangsarbeid for drap (fire serbarar), den andre tvangsarbeid på livstid for å ha skote ein serber og mishandla fangar.

Minst seks hirdfolk frå Gudbrandsdalen gjekk inn i statspolitiet eller grensepolitiet. Dei kom ofte opp i arrestasjonar av motstandsfolk. Straffa varierte frå tre til åtte års tvangsarbeid.

Frontkjempingar

Frontkjempingane var frivillige som gjorde fronttenest på tysk side i krigen. Det finst inga samla oversikt over frontkjempingane frå Gudbrandsdalen. I ei oversikt frå 1944 finn vi ei namneliste. Om vi jamfører desse namna med avisomtalen av rettsakene, kjem vi fram til denne lista:

Lillehammer:	25 stk	2 av desse fall
Vestre Gausdal:	2 stk	Ingen falne
Østre Gausdal:	Ingen	
Fåberg:	5 stk	1 av desse fall
Øyer:	3 stk	2 av desse fall
Ringeby:	13 stk	3 av desse fall
Sør-Fron:	4 stk	1 av desse fall
Nord-Fron:	2 stk	1 av desse fall
Sel:	3 stk	1 av desse fall
Heidal:	3 stk	1 av desse fall
Vågå:	2 stk	Ingen falne
Lom:	7 stk	2 av desse fall
Skjåk:	1 stk	Ingen falne
Lesja:	1 stk	Ingen falne
Dovre:	9 stk	1 av desse fall
Sum:	80 stk	15 av desse fall

To av dei som var med i lista frå 1944, er tatt ut, da dei ikkje vart dømde for fronttenest.

Ved ein gjennomgang av 25 frontkjempar-saker frå Gudbrandsdalen finn vi ei gjennomsnittsstraff på to år og ni månader tvangsarbeid. Desse frontkjemparane hadde ikkje andre alvorlege tiltalepunkt mot seg, dei hadde heller ikkje hatt leian-de stillingar. Dei aller fleste vart dømde til tvangsarbeid, berre nokre få fekk fengsels-straff, helst dei aller yngste. Ein lilleham-ring, f. 1925, hadde vore i Skijegerbatal-jonen. Han fekk eitt og eit halvt års feng-sel. Ein gut frå Ringeby var berre 14 år da krigen tok til. Han og kom til Skijegerba-taljonen, men fekk berre eitt års fengsel. Retten tok omsyn til den låge alderen. Ved elles like saker, vart gjerne straffa høgst for dei eldste – dei burde ha visst betre.

Ein heil del av frontkjemparane måtte svara for alvorlege tiltalepunkt i tillegg til fronttenesta. Mange hadde gått gradane innan partiorganisasjonen. Alvorlegare var det med tenest i statspolitiet, grensepoliti-et eller det tyske sikkerhetspolitiet.

Av eit tilfeldig utval på 18 frontkjemparar frå Gudbrandsdalen der tenestestad er nemnd, finn vi ei slik fordeling:

Skijegerbataljonen (Finnland)	8 stk
Den norske Legion	4 stk
Regiment Nordland	2 stk
2. politikompani	1 stk
3. politikompani	1 stk
Depot-bataljon	1 stk
Divisjon Viking	1 stk

Ein gjennomsnitt frontkjempar

5/11 1945 vart byretten sett i Lilleham-mer. Sorenskrivaren og to domsmenn skulle doma 4 frontkjemparar frå Lillehammer.

«Tiltalte nr 3», f. 1922, hadde vore medlem av NS frå 1941, meldte seg til fronttenest i 1942 og kom inn i ei avde-ling av Waffen SS. Han fekk militærropp-læring i Tyskland og kom til fronten i Kaukasus. I mai 1944 vart han overført til Skijegerbataljonen og tenestgjorde i Finn-land. I november 1944 kom han attende til Norge. Frontkjemparen tenestgjorde i ei tysk avdeling storparten av tida, det hadde truleg ikkje større å seia for dom-men, 3 års tvangsarbeid.

Torturistar og drapsmenn

Trararo på Lillehammer var sentrum for det tyske Gestapo i distriktet. Her regjer-te den tyske kriminalsekretær August Stuck-mann med hard hand. Dei to unggutane Arne Saarvedt og Per Oppegård tok tenest som tolkar og sjåforar i Trararo. Den eine kom til Lillehammer frå Trøndelag for kri-gen, den andre var frå Stange.

«2 ungdommer som i all sin fanatisme og med alle sine sadistiske egenskaper ble et av de tyske voldsherrers mest farlige redska-per», skreiv «Gudbrandsdølen», 15/8 1945.

Både Stuckmann, Saarvedt og Oppe-gård vart dømde for fleire tilfelle av tortur og anna mishandling. For Stuckmann er

FAI

D

DE



«Birke-
frontkj
Opplan
til i «E


det ne
fekk c
Froisl
Bergn
på Ol
Stu
døder
livstid
som
Stuck
artikk



FALNE KAMERATER FRA HEDMARK
OG OPLAND

DE GA SITT LIV I EUROPAS KAMP
MOT BOLSJEVISMEN

DERES MINNE LEVER OG MÅNER OSS TIL ØKET
INNSATS FOR FOREREN OG FØDRELANDET



*«Birkebeineren» frå mars 1944 har namn på alle
frontkjemparar og frontstyrke frå Hedmark og
Oppland. Det er bilete av alle som har sett livet
til i «Europas kamp mot bolsjevismen».*

det nemnd 18 tilfelle av mishandling. Han
fekk også sin del av ansvaret for at Helge
Frøisland vart skoten ned av tyskarane Karl
Bergmann. Saatvedt vart dømd for drapet
på Olav Bismo på Otta.

Stuckmann og Saatvedt vart dømde til
døden, Oppegård vart dømd til fengsel på
livstid. Stabsfeldwebel Karl Bergmann
som henretta Frøisland, etter ordre frå
Stuckmann/Fehlis fekk 20 års fengsel. Sjå
artikkelen «Utan lov og dom».

Med ordet som våpen

Både aviser og kringkasting kom raskt
under tysk kontroll, og var under heile kri-
gen viktige for spreiding av propaganda frå
dei nye styresmaktene.

Redaktørar som hadde styrt dei nazi-
fiserte avisene i distriktet, fekk straffer på
mellom eitt og eit halvt år og fire års
tvangsarbeid. «Dagningen» vart stoppa
sommaren 1942, og kom ikkje ut før etter
krigen.

Erling Bjørnson, f. 1868, hadde vore
stortingsmann for Bondepartiet før kri-
gen. I stortingsmotet på Hamar 9. april
1940 forlangte Bjørnson gruppemøte om
landet skulle forsvare seg mot det tyske
angrepet. Framlegget vart blankt avvist.
Erling Bjørnson synta heilt frå fyrste dag
at han sto på tyskarane si side. Under heile
krigen agiterte han for Nasjonal Samling, i
avisartiklar og foredrag. Han var aktiv
både på møter og i kringkastinga.

Erling Bjørnson gjekk inn for væpna
innsats på Tyskland si side i krigen og han
hadde «lovprist frontkjempernes innsats
og oppfordret norsk ungdom til å meide
seg til frontinnsats mot bolsjevismen.»
Han hevda i retten at han var ferdig med
demokratiet og såg nasjonalsosialismen
som vegen tilbake til det norske.

Dommen i lagmannsretten vart 10 års
fengsel, 15.000 kr i erstatning og han mis-
ta retten til å drive Follebu Bruk. I saka
vart det og lagt ned påstand om at salet av
Aulestad til sonen skulle gjerast om, slik at